



Utval: **Formannskapet**  
Møtestad: Møterom, Midsund omsorgssenter  
Dato: 13.11.2014  
Tid: 12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP
Bjørn Wang	MEDL	V

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalsesekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Oddny Lisbeth Midtbø Rød

Bjørn Wang

Audun Hånes

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 14/60	Referatsaker	
PS 14/61	Gebyr etter Matrikkelen 2015	2014/467
PS 14/62	Gebyrregulativ byggjesaker, plansaker og landbruk 2015	2014/470
PS 14/63	Gebyrregulativ for vatn og avløp - 2015	2014/473
PS 14/64	Gebyrregulativ for feiing - 2015	2014/474
PS 14/65	Gebyrregulativ for renovasjon og slam 2015	2014/475
PS 14/66	Klage på vedtak i namnesak 2014/2 i Midsund kommune - Statens kartverk	2014/34
PS 14/67	Søknad om frafall av forkjøpsrett - 50/215 - Opstad Maskin AS	2014/398

Den 13. november 2014 vart det halde møte i Formannskapet på møterommet på Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Møtet tok til kl. 12.00.

Robin Mikal Sørлие (H) hadde meldt forfall. Audun Hånes (H) møtte som vara.

5 voterande.

Rådmannen orienterte om fravær i kommunen.

Økonomisjefen orienterte om budsjett for 2015.

Teknisk sjef orienterte om gebyrene.

## **PS 14/60 Referatsaker**

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Protokoll frå møte i Formannskapet 03.11.2014 vart godkjent.

## **PS 14/61 Gebyr etter Matrikkelen 2015**

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i matrikkellova § 32, vert gebyrregulativet for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova i 2015 godkjent slik det ligg føre, jf. vedlagt gebyrregulativ datert 04.11.2014.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Med heimel i matrikkellova § 32, vert gebyrregulativet for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova i 2015 godkjent slik det ligg føre, jf. vedlagt gebyrregulativ datert 04.11.2014.

## **PS 14/62 Gebyrregulativ byggjesaker, plansaker og landbruk 2015**

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 samt forskrift for gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker vert gebyrregulativ for byggesaksbehandling, plansaker og landbruk datert 04.11.14 for 2015 godkjent slik det ligg føre, jf. vedlagt gebyrregulativ med føresegner datert 28.11.2013.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 samt forskrift for gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker vert gebyrregulativ for byggesaksbehandling, plansaker og landbruk datert 04.11.14 for 2015 godkjent slik det ligg føre, jf. vedlagt gebyrregulativ med føresegner datert 28.11.2013.

## **PS 14/63 Gebyrregulativ for vatn og avløp - 2015**

### **Forslag til vedtak:**

1. Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir Gebyrregulativ for vatn og avløp 2015 vedteke slik det ligg føre.
2. Midsund vassverk og Midsund avløp skal ha sjølvkostutrekning i samsvar med KRD sin rettleiar.

### VATN

Dette gjev eit vassgebyr for 2015 inkl. mva på:

- Abonnementsgebyr (bustadhus) på kr. 2.275,- øvrige kategoriar blir justert med same faktor.
- Forbruksgebyr kr/m<sup>2</sup>. 7,81.

## AVLØP

Dette gjev eit avløpsgebyr for 2015 inkl. mva på:

- Abonnementsgebyr (bustadhus) på kr. 3.096,- øvrige kategoriar blir justert med same faktor.
- Forbruksgebyr kr/m<sup>2</sup>. 12,65.

## VASSMÅLAR.

- Leie av vassmålar inkl. mva kr. 320,- pr. år.

## MINSTEGETBYR for vatn og/eller avløp, pr tilknytning:

- Minstegebyr for tilknytning med bygningsareal er kr. 6.875,- (100 m<sup>2</sup> \* 55,- kr/m<sup>2</sup> + mva)
- Minstegebyret for tilknytning utan bygningsareal er kr. 2.063,- (30m<sup>2</sup> \* 55,-kr/m<sup>2</sup> + mva)

## **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke.

## **PS 14/64 Gebyrregulativ for feiing - 2015**

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn vert det lagt fram forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2015:

1. Vanleg skorsteinsløp (pipe) kr.563,- pr. pipe.
2. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteiner og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 830,-.

## **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Med heimel i forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn vert det lagt fram forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2015:

1. Vanleg skorsteinsløp (pipe) kr.563,- pr. pipe.
2. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteiner og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 830,-.

## **PS 14/65 Gebyrregulativ for renovasjon og slam 2015**

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon -og slamtømming for 2015 vedteke slik :

- RENOVASJONGEBYR inkl. mva: Normalgebyr hushald kr. 4.379,- andre kategoriar blir justert med same faktor.
- SLAMGEBYR inkl. mva: Normalgebyr hushald kr. 1.683,- andre kategoriar blir justert med same faktor

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Med heimel i forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon -og slamtømming for 2015 vedteke slik :

- RENOVASJONGEBYR inkl. mva: Normalgebyr hushald kr. 4.379,- andre kategoriar blir justert med same faktor.
- SLAMGEBYR inkl. mva: Normalgebyr hushald kr. 1.683,- andre kategoriar blir justert med same faktor

### **PS 14/66 Klage på vedtak i namnesak 2014/2 i Midsund kommune - Statens kartverk**

#### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre vedtek at bruksnamnet for gnr. 56 og bnr. 2 skal vere Røberg og ikkje Rødberg som Statens kartverk har vedteke i sak 2014/2.

Grunngjeving:

Røberg er så sterkt forankra i dialekta at uttalen her vil bli Røberg.

#### **Vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

Midsund kommunestyre vedtek at bruksnamnet for gnr. 56 og bnr. 2 skal vere Røberg og ikkje Rødberg som Statens kartverk har vedteke i sak 2014/2.

Grunngjeving:

Røberg er så sterkt forankra i dialekta at uttalen her vil bli Røberg.

### **PS 14/67 Søknad om frafall av forkjøpsrett - 50/215 - Opstad Maskin AS**

#### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune seier ikkje frå seg forkjøpsretten til gnr. 50 bnr. 215 permanent, omtalt i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.
2. Fråfallet av forkjøpsrett gjeld berre overdraging av 50/215 til eit anna selskap i same eigargruppe. Avtalen av 18.03.2005 skal vidareførast mellom Midsund kommune og selskap i same eigargruppe.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.11.2014**

1. Midsund kommune seier ikkje frå seg forkjøpsretten til gnr. 50 bnr. 215 permanent, omtalt i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.
2. Fråfallet av forkjøpsrett gjeld berre overdraging av 50/215 til eit anna selskap i same eigargruppe. Avtalen av 18.03.2005 skal vidareførast mellom Midsund kommune og selskap i same eigargruppe.

**Møtet vart heva kl. 14.20.**